

Luk 4,16-22a

Han kom òg til Nasaret, der han var oppvaksen, og på sabbaten gjekk han inn i synagogen, som han brukte å gjera. Han reiste seg for å lesa frå Skrifta,¹⁷ og dei gav han boka til profeten Jesaja. Han opna bokrullen og fann den staden der det står:

¹⁸ Herrens Ande er over meg,
for han har salva meg
til å forkynna ein god bodskap for
fattige.

Han har sendt meg for å ropa ut
at fangar skal få fridom
og at blinde skal få sjå,
for å setja undertrykte fri

¹⁹ og ropa ut eit nådeår frå Herren.

²⁰ Så rulla han bokrullen saman, gav han til synagogetenaren og sette seg. Og alle som var i synagogen, heldt auga feste på han. ²¹ Då tala han til dei og byrja slik: «I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de høyrde på.»

²² Alle tala vel om han og undra seg over nådeorda som kom frå hans munn.

Oppfyllinga sin dag
Kjære kyrkjelyd her i Knarvik.

Til lukke med dagen og den nye kyrkja.

Det er eit privilegium å få vere i lag med dykk i dag, og eg skal helse varmt frå biskop Halvor Nordhaug, som eg har forstått nokså tydeleg på at av alle oppgåver han i ein periode no har måtta overlate til meg og andre, er nok dette den han mest motvillig har gitt frå seg.

Han er i god betring, men vi kan gjerne hugse på han i våre bønner vidare.

I dag er oppfylldingsdagen.
Draumar og planar er blitt til røyndom.

I dag er den fyrste dagen. Ein høgtidsdag for Knarvik, for Nordhordland, for Bjørgvin og for Den norske kyrkja.

Vi vigslar ei kyrkje som har innteke ein sentral plass i eit lokalsamfunn og allereie blitt eit landemerke. Ei kyrkje som er oppfyllinga av mange dristige draumar og visjonar. Krona er sett på verket etter tusenvis av arbeidstimar, lønna og ulønna.

Gratulerer med dagen!

Her skal noverande og komande generasjonar av barn og unge, familiar og enkeltmenneske i alle aldrar finne ein heim – ikkje berre i eit lokalsamfunn, men i det fellesskapet som sprengjer alle grenser – og som i dette flotte kyrkjebygget får eit synleg uttrykk midt i vår verd – som eit teikn på trua vår og som ein rasteplass for menneske på vandring gjennom livet.

Ei kyrkje vert vigsla ved at kyrkjelyden høgtideleg tek henne i bruk for første gong ved ei offentleg gudsteneste og helgar henne ved Guds ord og bøn.

Det kan knapt tenkjast ein meir høveleg dag å gjere dette på enn den første dagen i eit nytt kyrkjeår.

Evangelieteksten som møter oss denne dagen har form av eit referat frå ei gudsteneste, frå Nasaret, byen der Jesus vaks opp.

Synagogegudstenesta var ei typisk lekmannsgudsteneste, og i prinsippet kunne einkvar jødisk mann vere både tekstlesar og predikant.

Denne dagen er det Jesus sin tur. Han les frå profeten Jesaja, han som profeterte om eit stort lys som skulle bli tent, eit lys for alle som vandrar i mørket. Om eit barn som skulle bli født, ein son som skulle bli oss gitt.

Jesus les frå denne lovnadsboka, og brått høyrer dei ikkje *om* han som skulle kome, men dei høyrer *han sjølv*.

Han seier: *eg oppfyller* det boka lovar. No treng de ikkje vente lenger. No høyrer de Messias si røyst.

Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige. Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri og ropa ut eit nådeår frå Herren.

Så kjem innleiinga, eller eit miniresymé frå utlegginga hans, og direkte omsett står det slik i teksten: *I dag vart dette skriftordet oppfylt i øyra dykkar.*

Snakk om å opne skriftene! Ja, her blir boka opna slik at hovudpersonen, Jesus sjølv, stig levande ut av den.

Her munnar ikkje preika ut slik dei var vant med i ei formaning av type: Dette må de gjere.

Nei, Jesu skriftutlegging munnar ut i: «Dette har Gud gjort! Dette skjer no! Her er Gud til stades! No skjer evangeliet!»

Tillat meg å uttrykkje eit forsiktig, men inderleg ynskje i forlenginga av denne observasjonen:

Tenk om vi kunne våge oss til å tru at det forkynte ordet kunne ha ei tilsvarande radikal kraft i seg i vår tid, både her i Knarvik kyrkje og i alle våre kyrkjer.

Tenk om vi kunne våge oss til å tru at det faktisk er det som skjer når Ordet vert forkynt også i 2014 – at Jesus Kristus stig levande inn mellom oss og bringer Guds rike til oss – her og no!

Det er ein heilt annan sjanger enn foredraget eller kåseriet. Preika er ikkje ei teoretisk utgreiing, men eit møte mellom det levande ordet og mennesket.

Når Guds ord vert forkynt, vert evangeliet rekt oss – med konkret og personleg adresse.

Slik har Martin Luther lært oss å tenkje.

Trur vi verkeleg på det?

Det er vanleg å omtale denne teksten som Jesu trontale eller programtale.

Den årlege trontalen i Stortinget handlar alltid om god vilje, årlege hensikter og nøktern optimisme. Dei store visjonane blir det sjeldan snakk om, og folkets glød blir sjeldan tent.

Derfor blir gjerne den påfølgjande trontaledebatten i all hovudsak nokså slappe, taktiske ordvekslingar.

I Nasaret vart den påfølgjande debatten alt anna enn slapp og taktisk. I alle fall er ikkje Jesus særleg taktisk.

Til å begynne med vekker preika hans allmenn entusiasme, men denne vart snart avløyst av andre kjensler, når Jesus sette fingeren på det ømme punktet i Israels framtidsvon:

dei ville ha ein Messias og eit Gudsrike etter sitt eige hovud. Guds sendebod, slik han var og kom, vegra dei seg mot å akseptere.

Derfor munna Jesu evangelieforkynning i Nasaret ut i ei domspreike.

Omsett til vår situasjon i dag kunne det kanskje ha lydt:

Set ikkje din lit til alt det du sjølv måtte greie, alt det du sjølv har tenkt ut.

Tru heller ikkje på dei indre eller ytre stemmer som prøver å bløffe deg til å tenkje at denne Guds gåve ikkje er for deg, at den er reservert

for dei som er langt frommare og sterkare og meir heilhjarta enn det du er.

Jesus kom for å forkynne ein god bodskap for dei fattige, for å rope ut at fangar skal få fridom, at blinde skal få sjå, for å setje undertrykte fri og rope ut eit nådeår frå Herren.

Med Jesus bryt evangeliet inn i verda, Guds rike er midt iblant oss, Jesus sjølv står her i dag, ved byrjinga av kyrkjeåret som predikant.

Han vitnar om seg sjølv – i denne urpreika. På same måten skal kvar preike som skal haldast i Knarvik kyrkje det komande året vere eit Kristusvitnemål, som aktualiserer bodskapen: I dag! I øyra dykkar!

Bodskapen om Guds kjærleik og hans nåde og tilgjeving er ikkje ein abstrakt idé, men den uvurderlege, livsnødvendige gáva kyrkjas Herre tilbyr i denne stunda, når ordet lyder.

Martin Luther tok faktisk til motmæle mot at evangeliet eller Det nye testamente skulle oppfattast som eit skrift. Hans utgangspunkt var eit evangelium som muntleg fortel om Kristi verk og gjerningar.

To gonger i teksten vår står orda *rope ut*.

Rope ut at fangar skal få fridom, og rope ut eit nådeår frå Herren.

Evangeliet er eit rop, eit anskrik! Det seier: dette angår deg! Dette er det livsviktig at du får med deg!

Du som er fattig, du som er fanga av det eine eller andre – kanskje du har slutta fred med lekkjene dine, så du knapt merkar dei, blitt så vant til at det må vere slik, at du ikkje vågar å tru på forandring, du som er blind, har vondt for å sjå klart, du som er undertrykt

- Det er for deg han ropar ut eit nådeår frå Herren.

Bodskapen er at Jesus Kristus sjølv kjem til deg. Som ei gåve.

Forkynninga er eit nådemiddel, eit middel som formidlar Kristus som Guds gåve til oss, med personleg adresse.

Bodskapen er i si kjerne:
Grip i dag, her og no, trua på Herren Jesus, så skal du bli frelst!

Dette må vere grunntemaet for alle preiker i kyrkja.

I dag er nådens tid, i dag er Gud å finne. Alle som søker han av eit oppriktig hjarte, skal finne han.

Om berre hjartet ditt kunne bli ei krubbe, ville Gud igjen bli eit barn på jorda.

For Kristus kan vere fødd tusen gonger i Betlehem, men det gagnar deg ikkje om han ikkje er fødd i deg.

For knappe fem år sidan stod eg makteslaus i lag med hundrevis av andre og såg kyrkja der eg var prest brenne ned til grunnen. Då tårnet fall, kunne det høyrast eit gisp gjennom heile byen.

På alle gatehjørne møtte eg menneske som gret, attpåtil rånarane som sat i bilane sine var bevega til tårer.

Fordi dei hadde mista ei uerstatteleg minnebok. Hønefoss kirke hadde stått der ikkje berre som eit bygg, men også eit bilete. Eit symbol for fellesskap og ei påminning om dei store samanhengane i livet, ja, på trua, vona og kjærleiken.

Vi kjende oss så uendeleg små og fattige då ho vart flammane sitt rov.

Mi bøn er at Knarvik kyrkje skal få vere eit håpets teikn for slekt etter slekt. Ei påminning om at midt i alle ting som skifter, er der ein

som er uforanderleg. Ein som alltid ser og høyrer oss.

Når vi er to eller tre eller femti eller seks hundre som er samla i hans namn, er han midt iblant oss.

Det gjer at same kor stor denne dagen er for oss som er samla i Knarvik kyrkje i dag, vert den likevel eigentleg ikkje større enn kvar dag vi får samlast i hans namn.

For:

*Midt i vår verden, her hvor vi bor,
kommer Kristus som morgenens gry.
Vi er hans kirke, vi er det bygg
som han reiser på ny og på ny.*

Biskop Nordhaug fekk legge ned grunnsteinen til Knarvik kyrkje 15. september i fjor, men grunnvollen for kyrkja er eine og åleine Jesus Kristus.

På han kviler Guds kyrkje trygt.

På denne grunnvollen kan Knarvik kyrkjelyd trygt bygge vidare.

*Til ære for Faderen og Sonen og Den Heilage
Ande, som var og er og blir éin sann Gud frå
æve til æve. Amen.*

Lat oss reise oss og saman vedkjennast vår heilage tru.